

Miljøpartiet Dei Grøne - fylkestingsgruppa Sogn og Fjordane fylkesting
Stein Malkenes, gruppeleiar

Til
Olje- og Energidepartementet

Innspelsmøtet for *Nasjonal ramme for vindkraft på land*, Olje- og Energidepartementet, Flesland 23. mai 2019.

I det vidare finnst formuleringane som fylkestingsgruppa til MDG i Sogn og Fjordane la fram på innspelsmøtet for *Nasjonal ramme for vindkraft på land*, arrangert av Olje- og Energidepartementet (OED) på Flesland 23. mai 2019.

xxx

Fylkestingsgruppa for MDG i Sogn og Fjordane legg med dette fram følgande innspel til Olje- og Energidepartementets vidare handsaming av rammeplanen:

Hovudinnspele:

1. OED oppmodast om å trekke tilbake rammeplanen. Dette hovudsakleg fordi FN (IPBES) nyleg har lagt fram sin rapport som viser at areal/naturmangfaldstap er den største utfordringa vi har ved sidan av klimautfordringa, fordi vindkraft på land ikkje kan dokumentere noko form for klimagevinst, fordi stadig fleire lokalsamfunn og kommunar ikkje ønsker vindindustri i sine nærområder og fordi lokalsamfunna ikkje har noko økonomisk gevinst å hente frå anlegga, samanlikna med vasskraftverk.
2. MDG oppmodar OED å starte eit arbeid med ei Stortingsmelding om "*Samla plan for energiutvikling i Noreg i "det grønne skiftet"*" som erstatning for rammeplanen. *Samla energiplan* må bygge på Statkafts analyse om at Norge har nok energi og synleggjere og husholde det totale energibildet i Norge vekk frå dagens energisløsing, samt måtar å effektivisere norsk energiproduksjon på, ved andre tiltak enn å bygge ned den norske naturarven. *Samla energiplan* må såleis stille opp løysingar og tiltak ut frå best mogleg samfunnsrekneskap og med minst mogleg naturinngrep, jfr Parisavtalen, IPBES naturmangfalsrapport og Naturmangfaldslova. I dette bildet høyrer også økonomisk verdifastsetting av natur både til lands og til havs. Planen må også analysere utanlandskabelspørsmålet og og havvind/maritim kompetanse og verdiskaping i Norge som alternativ til importerte landbaserte løysingar og sette dette inn i heilskapen. *Samla energiplan* må også analysere skatteordningar i energisektoren slik at det til dømes blir billegare å fornye vasskraft, enn å øydelegge meir norsk natur. Kunnskap om dette vil leggjast fram av ekspertutvalget i oktober. *Samla energiplan* vil vere i tråd med Stortingets formål i energilova, der det heiter:

§ 1-2. (Formål)

Loven skal sikre at produksjon, omforming, overføring, omsetning, fordeling og bruk av energi foregår på en samfunnsmessig rasjonell måte, herunder skal det tas hensyn til allmenne og private interesser som blir berørt¹.

¹ Lovdata.no

Miljøpartiet Dei Grøne - fylkestingsgruppa Sogn og Fjordane fylkesting
Stein Malkenes, gruppeleiar

Subsidiære innspel:

3. OED oppmodast til å foreta ekstern gjennomgang av departementets naturforvaltningskompetanse i vindkraftsaker og publisere oversynet.
4. OED oppmodast om å skifte ut leiinga i NVEs vindkraftavdeling. Fleire meldingar til politiet og korrupsjonsanklager, samt ei rekke brot på forvaltningslovverket og andre dokumenterte tilhøve over tid, viser manglande tillit i befolkninga. OED bør gjenopprette tilliten.
5. Miljøforvaltninga må få tydlegare, avgjerande roller gjennom heile prosessen i vindkraftforvaltninga. For tida er det i praksis OED som styrer norsk naturforvaltning, ikkje den formelle miljøforvaltninga. MDG ber OED om å endre denne praksisen på sine saksområder.
6. MDG oppmodar OED om å be Riksrevisjon opprette revisjonssak av NVEs og OEDs erfarte forvaltningspraksis i alle vindkraftsaker hittil.
7. MDG oppmodar OED om å be Riksrevisjon opprette revisjonssak gjeldande alle andre, statlege myndighetsorgan sin forvaltningspraksis i gjennomførte vindkraftsaker.
8. MDG oppmodar OED om å styrke kommunane sin posisjon i vindkraftprosedyrane. Vi ber OED om å ekskludere alt areal i kommunar og fylkeskommunar frå Nasjonal rammeplan der dette blir bede om frå kommunestyre og fylkesting. Vi ber også om tilsvarande arealeksklusjonar i nabokommunar når eit vindkraftverk har openbare negative konsekvensar for ein annan kommune og at det utarbeidast kriterier for dette i samarbeid med KS og andre relevante partar.
9. MDG oppmodar OED om å utarbeide og gjennomføre obligatoriske prosedyrekrav til involvering/deltaking frå frivillige organisasjonar, lokale grupper, kommunar osv gjennom heile planprosessen for eit vindkraftverk slik det til dømes gjeld for utarbeiding av regionale planar etter plan- og bygningslova.
10. MDG oppmodar OED om å nasjonalisere samtlige vindkraftverk som er bygd og er under planlegging og bygging.
11. Vi ber også om at OED stansar subsidieoverføringa som befolkning, offentlig sektor og næringslivet betalar til mektige utanlandske fond via strøm- og nettrekinga og overføre subsidiane til norske regionar og kommunar og at dette får tilbakeverkande kraft. Vi legg til grunn at ekspertutvalget viser denne speilvendte skattlegginga i sin rapport til hausten og at dette blir del av *Samla energiplan* til Stortinget.
12. Vi ber OED stoppe alle vindkraftverk som er under bygging og annullere desse konsesjonane inntil Nasjonal rammeplan er ferdig handsama og resultatet forelegg

Miljøpartiet Dei Grøne - fylkestingsgruppa Sogn og Fjordane fylkesting
Stein Malkenes, gruppeleiar

13. MDG ber OED om å flytte all vidare vindkraftutbygging til havs nær EUs energimarknad og etablere dokumenterbare reduksjonsmekanismer i kvotesystemet for fossil energiproduksjon i EU, dersom formålet med norsk vindkraft til havs er å erstatte fossil energiproduksjon i EU.
14. MDG oppmodar OED om å innføre heimfallsinstituttet frå vasskraftsektoren til vindkraftsektoren som del av ein *"Samla plan for energi i Norge"*. Vi ber om tilbakeverkande kraft.
15. MDG ber OED om å innføre krav om klimabudsjett, klimarekneskap og kontrakter om nedstenging av fossile kraftverk i EU ved framtidige konsesjonssøknader for bygging vindkraftverk på norsk sokkel. Vi ber om at dette kravet får tilbakeverkande kraft for alle gjevne og omsøkte vindkraftkonsesjonar på land i Norge og at det blir stilt strenge krav om revidert dokumentasjon.
16. MDG ber OED om å etablere ei ordning der alle utbyggingsselskap for vindkraft må akkrediterast før desse kan delta i vindkraftprosjekt
17. MDG ber OED om å etablere ei ordning der alle konsulent- og rådgjevingsselskap blir akkreditert før desse får delta i vindkraftsaker.
18. Akkrediteringskrava i punkta 16 og 17 utformast av nasjonalt organ med innspel frå frivillege organisasjonar og brei offentleg involvering.
19. MDG ber OED om å pålegge Fylkesmannsembeta å ha ansvar for arrangement, gjennomføring og protokollering av alle forhandlingsmøter mellom utbyggarar og grunneigarar/andre lokale interesser i konkrete vindkraftsaker før utbyggar leverer melding om utbygging til NVE.
20. Privatøkonomiske interesser mellom utbyggarar og grunneigarar skal vere opne og undeleggast offentleg kontroll etter vanlege rekneskapsreglar